



Kvalheim Eiendom AS
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/426 - 15/2773

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
09.03.2015

Byggesak Gbnr 45/373 Manger - tomannsbustad - mellombels bruksløyve

Delegasjonssak nr.: 059/2015

Saksutgreiing:

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette har dei stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med løyver og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova og vedtaka i saka datert 26.09.2006.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har stadfesta at byggverket har tilfredstillande tryggleiksnivå og har indentifisert attståande arbeid som følgjande:

- 45/36 Hesthaugen Nord – opparbeiding av veg, vatn og avlaup. Det er 24.04.07 gjeve mellombels bruksløyve for VVA-anlegg for feltet. Mellombels bruksløyve er gjeve for veg 1,2,3,4 og delar av leidningsanlegg. Før ferdigattest for feltet kan skrivast ut må følgjande ordnast rest veg, fortau og leidningsnett.

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune og plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve mellombels bruksløyve for gnr. 45 bnr. 373 i Radøy kommune på følgjande vilkår:

1. Ferdigattest skal liggje føre innan 09.03.2016.

Gebyr:

Kode 10.2.8.	Mellombels bruksløyve	kr. 2 600,-
	-100% reduksjon grunna overskriden sakshandsamingsfrist	kr. 2 600,-
	Total	kr. 0,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdig ferdigattest innan frist er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Bygningsstyresmakta vil følgje opp manglande ferdigstilling med pålegg og sanksjonar etter plan- og bygningslova kap. 32.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskild løyve (jfr. Pbl. § 20-1 d).

Skildring:

Adresse:	Hesthaugen 45
Bygningstiltak/bygningsnr.:	Tomannsbustad/24209083
Bruksareal:	82m ²
Seksjonsnr.:	2
Avløp:	Offentleg avløpsanlegg
Vatn:	Offentleg vassverk
Tal på røykløp:	1
Adresse:	Hesthaugen 47
Bygningstiltak/bygningsnr.:	Tomannsbustad/24209369
Bruksareal:	82m ²
Seksjonsnr.:	1
Avløp:	Offentleg avløpsanlegg
Vatn:	Offentleg vassverk
Tal på røykløp:	1

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Kvalheim Eiendom AS

5936

MANGER